

Interpellasjon i kommunestyret 24.09.2015

Sak 65/15 Tilstandsrapport for grunnskulen i Lindås, utsett i møtet 18.09.2015

Ordførar

Tilstandsrapporten for grunnskulen i Lindås var sett opp som sak 65/15 kommunestyret 18.06.2015, men vart utsett. Saka er ikkje på kartet i dag, eg vil derfor stilla nokre spørsmål.

Bakgrunn:

Tilstandsrapporten gir oss eit bilet av eit skuleverk som er i god utvikling, med etter kvart gode system for planlegging, oppfølging og evaluering av arbeidet. Det er mykje å gle seg over når det gjeld aktivitetane i skulane, særleg er eg glad for at ein er på rett veg når det gjeld mobbing.

Men tala i rapporten viser likevel ting som gir grunn til stor uro og bekymring.

Det første er tilhøvet mellom spesialundervisning og ordinær undervisning, det andre er at elevane viser lågare meistring enn forventa. Vi har for mange elevar som meistrar lite og for få som meistrar godt.

Tala viser stor auke i talet på elevar som får spesialundervisning.

Det er no nær 13 % av elevane som får spesialundervisning, det er alarmerande høgt tal. Det normale burde vera ca 5 - 6 % etter mi mening.

Det er også påfallande at det blir meir spesialundervisning di eldre elevane blir. På 10. trinn får kvar 5. elev spesialundervisning.

Vi bruker meir enn 20 % av timeressursane til spesialundervisning.

Dette er ei urovekkjande utvikling. Eg har sett slik utvikling før, nå vi har hatt nedskjeringar, men aldri så høge tal som dette.

Det er viktig å understreka at problemet er ikkje spesialundervisninga i seg sjølv, men fordelinga av ressursar mellom spesialundervisning og til ordinær undervisning. Utviklinga tyder på det er for lite ressursar totalt. Det er for lite ressursar dei ca 1700 andre elevane, dei som ikkje har lovfesta rett til spesialundervisning, men likevel har lovfesta rett på tilpassa opplæring. Det er her nedskjeringane har kome dei siste åra. Når det blir mindre ressursar til vanlege hjelpetiltak innan ordinær undervisning, fell mange elevar gjennom og problemet må løysast med spesialundervisning, noko som er ei kostbar løysing. Eg trur at grunnen til låg meistring hos elevane, og til auken i talet på elevar som treng spesialundervisning, er at totaltimetalet no er for lågt.

Men dette er så viktig spørsmål, at her må vi vita, ikkje berre tru. Derfor vil eg spørja:

Spørsmål:

1. Når kjem saka opp att i kommunestyret?
2. Vil det då liggja ved ei utgreiing som
 - a) forklarer den store auken i behovet for spesialundervisning?
 - b) forklarer kva konsekvensar nedskjeringane i timetal dei siste to åra har hatt for arbeidet med tilpassa opplæring i skulen?
 - c) peikar på kva som kan gjerast for å snu den uheldige utviklinga tilstandsrapporten viser?

Ingeborg Askeland

Lindås senterparti

